

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 14.02.2007 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Frode Bjørnås

I staden møtte:
Anne Lønnebakken

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining og administrasjonssjef.

Avd. ingeniør John Inge Sandvik var med under handsaming av sak 17/06.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 16. februar 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0016/07	06/00489 KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK 63/06 AVSLAG PÅ BYGGJESØKNAD FOR RUBBHALL PÅ GNR.18 BNR.9
0017/07	07/00029 KRITERIA FOR KOMMUNALE VEGAR
0018/07	05/00181 SAL AV HAGAMULEN, DRØFTING AV VILKÅR OG FRAMGANGSMÅTE
0019/07	06/00379 KRITERIE FOR TILDELING AV NAUSTTOMTER I ROLVSVÅG
0020/07	07/00025 OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN - STRANDSONEPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

0016/07

**KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK 63/06
AVSLAG PÅ BYGGJESØKNAD FOR RUBBHALL PÅ GNR.18 BNR.9**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for rubbhall på gnr.18 bnr.9 Reistad.

Løyvet er gjeve i samsvar med melding dgs.20.10.2006.

Handsaming i møte:

Utvalet saman med leiar av teknisk eining var på synfaring på staden. Søkjar har på førespurnad meldt attende kva storleik hallen skulle ha og korleis han har tenkt han plassert. Han hadde og sett ut merkjer på tomta.

Øyvind Røen ba om å få vera ugild ved handsaming av saka, noko utvalet samrøystes aksepterte. Det møtte ikkje varamedlem for han.

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Med heimel i plan- og §. 93 og § 95 vert det gjeve byggjeløyve for rubbhall på 10 x 15 m på gnr. 18 bnr. 9 Reistad.

Rubbhallen bør trekkjast så langt mot nabogrensa i aust som mogleg.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget frå Sture Tveit.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §. 93 og §. 95 vert det gjeve byggjeløyve for rubbhall på 10 x 15 m på gnr. 18 bnr. 9 Reistad.

Rubbhallen bør trekkjast så langt mot nabogrensa i aust som mogleg.

0017/07

KRITERIA FOR KOMMUNALE VEGAR

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram til drøfting.

Handsaming i møte:

Avd. ing. John Inge Sandvik var til stades under handsaming av denne saka.

Utvalet ba om at administrasjonen arbeidde vidare saka der fylgjande kriterium vert sett nærare på:

snuvass

regulert off. veg

off. vatn og avlaupsleidningar i vegen

allmen interesse

antal fastbuande

veg fram til kommunale anlegg og bygg

Vedtak:

Administrasjonen vert beden om å arbeida vidare med saka. Det skal arbeidast ut ein tabell der fylgjande faktorar vert tekne inn:

- snuplass
- regulert off. veg
- off. vatn og avlaupsleidningar i veggen
- allmen interesse
- antal fastbuande
- veg fram til kommunale anlegg og bygg
-

0018/07

SAL AV HAGAMULEN, DRØFTING AV VILKÅR OG FRAMGANGSMÅTE**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt for utvalet til drøfting og mogleg vedtak.

Handsaming i møte:

Etter drøftingar valde utvalet samrøystes at kommunal tomt i Hagamulen skulle lysast ut for sal. Det skal setjast krav om ei utbygging som gir minst 3 bueiningar, at bustadane skal knytast til off. anlegg og at kjøpar må ha byggjemeld prosjektet innan 2 år frå overdragingstidspunktet. Kommunen skal ta atterhald om at innkomne tilbod kan forkastast dersom pristilboda vert vurdert som for låge. Kommunen vil ikkje løysa inn gamal strandrett.

Vedtak:

Kommunal eigedom i Hagamulen vert lyst ut for sal. Det vert stilt som vilkår at eigedomen vert bygd ut med minst tre bueiningar og at bustadane skal knytast til off. anlegg. Utbyggjar må ha byggjemeld prosjektet innan 2 år frå overdragingstidspunktet. Kommunen skal ta atterhald om at det ikkje vert gjennomført sal dersom prisen vert for låg. Kommunen vil ikkje løysa inn gamal strandrett.

0019/07

KRITERIE FOR TILDELING AV NAUSTTOMTER I ROLVSVÅG**Framlegg til vedtak::**

Nausttomtene vert tildelt i samsvar med dei prinsippa som er presentert i saksutgreiinga i denne saka.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak. Utvalet vil tildela tomtene. Om dette skal skje ved loddtrekning vil utvalet vurdera etter at boda er komne inn.

Vedtak:

Nausttomtene vert tildelt i samsvar med dei prinsippa som er presentert i saksutgreiinga i denne saka. Naturutvaleat vil stå for tildeling av tomtene.

0020/07

**OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN - STRANDSONEPLAN FOR SAMNANGER
KOMMUNE**

Framlegg til vedtak::

Naturutvalet i Samnanger vedtek å starta opp arbeidet med strandsoneplan for kommunen.

Jmf. Plan- og bygningslova § 20 –1.

Vedtak om oppstart av planen vert kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova § 20 – 5/27 –1.

Planprogram dagsett 14.02.2007 vert godkjend for kunngjering saman med oppstart av planen.

Naturutvalet vert styringsgruppe for arbeidet. Det vert sett ned ei politisk arbeidsgruppe med 3 medlemmer.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk samrøystes inn for å starta opp arbeidet snarast. Utkast til planprogram vart gjennomgått. Det vart og peika ut medlemmer til arbeidsutvalet.

Vedtak:

Naturutvalet i Samnanger vedtek å starta opp arbeidet med strandsoneplan for kommunen.

Jmf. Plan- og bygningslova § 20 –1.

Vedtak om oppstart av planen vert kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova § 20 – 5/27 –1.

Planprogram dagsett 14.02.2007 vert godkjend for kunngjering saman med oppstart av planen.

Naturutvalet vert styringsgruppe for arbeidet. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med fylgjande medlemmer

Idar Reistad

Øyvind Røen

Marion Langhelle Pedersen.